

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 19.08.2011
Sakhandsamar: **Geir Håheim**
Saka gjeld: **Helse Vest - medlem i Initiativ for etisk handel**

Arkivsak
2008/357/
Styresak 093/11 O

Styremøte 07.09. 2011

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Saka er ei orienteringssak til styret om at Helse Vest no er medlem i organisasjonen Initiativ for etisk handel (IEH), saman med dei andre helseregionane og HINAS. Eit slikt medlemskap vil styrkje og lette Helse Vest sitt arbeid med etisk handel framover.

Helse Vest medlem i Initiativ for etisk handel – IEH

Innleiing

Miljø- og samfunnsansvar i innkjøp låg inne som eige delprosjekt i hovudprosjektet "Miljø- og klimatiltak i spesialisthelsetenesta" i 2010. Rapport frå prosjektet blei avlevert styringsgruppa i juni 2010 og samstundes sendt ut til alle helseføretaka i landet med tilråding om å ta i bruk dei tilrådingane som låg i rapporten. Helse- og omsorgsdepartementet har følgd opp med å leggje same tilrådingar inn i føretaksprotokollen til landets helseregionar i 2011.

Innkjøpsmiljøa frå alle regionane i landet deltok i det første prosjektarbeidet, men det var berre Helse Sør-Øst som hadde gjort erfaringar innan tema "etisk handel". Basert på erfaringane i Helse Sør-Øst blei det tilrådd at alle regionar og HINAS burde vurdere medlemskap i organisasjonen Initiativ for etisk handel (IEH).

Helse Sør-Øst har fått implementert etisk handel godt i organisasjonen og er rekna blant dei beste offentlege aktørar innan temaet i landet. Innkjøpsorganisasjonar i alle dei fire regionane har hausten 2010 drøfta emnet og samla vurderingar gjorde at ein ønskjer å setje i gang eit prosjekt kor regionane samla tek eit grep om etisk handel.

Den 01.02.11 søkte helseregionane om felles medlemskap i IEH, og frå 14.03.11 blei alle helseregionane medlemmer.

Samla sett er helseregionane store offentlege kundar og forbrukarar, som til saman kjøper inn varer og tenester for ca. 35 milliardar kroner årleg. Helse Vest kjøper for ca. 5,5 milliardar. Med forvaltninga av slike store beløp følgjer også eit ansvar for å kjøpe varer og tenester som er produsert på ein lovleg og etisk forsvarleg måte.

Offentlege innkjøp er ein del av den globale handelen med varer og tenester. Mange av varene som vert kjøpte inn, til dømes arbeidsuniformer, sjukehustekstilar, medisinsk forbruksmateriell, medisinsk utstyr m.m. er heilt eller delvis produsert i lågkostland, og ofte under kritikkverdige forhold som involverer barnarbeid, tvangsarbeid, låg løn, forbod mot fagforeiningar, diskriminering, vald og trakassering. Derfor er det viktig at helseregionane stiller krav til leverandørane sine om at varene som blir kjøpte er produserte på ein lovleg og etisk forsvarleg måte.

Statlege føringar

Statlege føringar er;

- Stortingsmelding nr. 36 (2008-2009), "Det gode innkjøp"
- Regjeringas handlingsplan "Miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser" (2007-2010)
- Den statlige rettleiaren "Ethiske krav i offentlige anskaffelser" (2009)
- Føretaksprotokoll for Helse Vest RHF (2009)

Kva er etiske retningslinjer/krav?

Etisk handel inngår i det å vise samfunnsansvar og kan definerast som samfunnsansvarleg næringsverksemd som tek vare på arbeidsforhold i leverandørkjeda. Ethiske retningslinjer, eller krav, beskriv minstestandardar for arbeidsforholda. Bruken i dag er særlig knytt til arbeidsforhold i arbeidsintensive eksportindustriar i utviklingsland.

Kvifor stille etiske krav?

- Helse Vest ønskjer å bidra til ei rettviss global utvikling.
- I Regjeringas Handlingsplan for miljø og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser 2007– 2010 heiter det at "... offentlige virksomheter bør gå foran og være ansvarlige forbrukere som etterspør miljøvennlige varer som er tilvirket etter høye etiske og sosiale standarder."
- I Lov (og forskrift) om offentlige anskaffelser, § 1, heiter det at; "Regelverket skal ... bidra til at det offentlige opptre med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte".
- Helse Vest kan ikkje kjøpe varer som er produserte på ein ulovleg og uetisk måte. Helse Vest kan heller ikkje bruke fellesskapets ressursar på ein måte som øydelegg liv, helse og mulegheiter til utdanning for medmenneske.
- Å stille etiske krav vil bidra til en rettviss og ikkje-diskriminerande konkurranse. Ved ikkje å stille krav er det ein viss risiko for at aktørar, som bryt nasjonale og internasjonale lover og reglar, blir tildelt kontraktar. Dersom useriøse aktørar blir tildelt kontraktar vil det vere diskriminerande overfor dei seriøse som følgjer lover og reglar, og følgjeleg også eit brot på regelverket om offentlige innkjøp.

Juridiske forhold

Etiske krav er i liten grad behandla i regelverket om offentlege innkjøp, i EUs direktiv og i innkjøpsavtalen i WTO.

I 2007 undersøkte juristar i *Sveriges kommuner och Landsting* (SKL), tilsvarande KS, mulegheita for å stille etiske krav i innkjøp. På bakgrunn av korrespondanse med EU-kommisjonen har SKL konkludert med at offentlege oppdragsgivarar kan stille etiske krav så lenge desse vert følgde opp. SKL har utarbeida eit sett kriterium som inkluderer følgjande krav: FNs barnekonvensjon artikkel 32, ILOs åtte kjernekonvensjonar, samt arbeidsmiljølovgiving i produsentlandet. SKL anbefalar å ha krava som vilkår i kontraktar. Resultatet av SKL sitt arbeid er at stadig fleire kommunar og län/regioner i Sverige stiller etiske krav til sine leverandørar.

I 2008 låg det føre ein norsk juridisk utgreiing om etiske og sosiale krav ved offentlege innkjøp. Denne konkluderer med at det er eit betydeleg handlingsrom for å stille etiske krav i alle fasar i innkjøpsprosessen, og særleg i gjennomføringa av kontrakten, då denne fasen er mindre regulert enn dei andre fasane. I utgreiinga vert det lagt vekt på at krava ikkje må formulerast på ein måte som gjer at dei kjem i konflikt med prinsipp om konkurranse, likebehandling, proporsjonalitet og mulegheit for etterprøving, og at krava må bli følgde opp.

Kva for etiske krav og oppfølging av krava?

Helse Vest legg til grunn dei tilrådingane som vert foreslått i rettleiaren "*Etiske krav i offentlige anskaffelser*".

Krava er:

- FNs barnekonvensjon, artikkel 32, om barns rett til vern mot økonomisk utnytting og rett til skulegang og personleg utvikling
- ILOs åtte kjernekonvensjonar: 29 og 105 om tvangsarbeid, 87 og 98 om organisasjonsfridom og kollektive forhandlingar, 100 og 111 om diskriminering, 138 og 182 om barnarbeid
- Arbeidslovgivinga i produsentlandet

Krava skal stillast som vilkår for kontrakt. Det finst fleire måtar å følgje opp krava på:

- 1) Eigenerklæring frå leverandør og/eller produsent
- 2) Strukturerte oppfølgingssamtalar
- 3) Kontrollar på produksjonsstad
- 4) Sertifisering av produsentar

Når bør det stillast etiske krav?

For å avgjere i kva for innkjøp det skal stillast etiske krav, vil Helse Vest bruke metoden som vert foreslått i vedlagte rettleiar, samt byggje på dei erfaringar som Helse Sør-Øst har gjort seg. Følgjande spørsmål er sentrale: Er det store kjøp eller små kjøp? Er det eingongskjøp eller rammeavtale? Er produkt produsert i eit lågkostland der vernet av arbeidstakarens helse og rettar ofte er dårleg, eller er det produsert innanfor EØS-området der vernet er betre? Har produktet stor symbolverdi, eller er bruken av produktet på nokon måte kritisk for verksemda?

Kompetanse og ressursar

Etisk handel i offentleg sektor er eit nytt tema som krev kunnskap. Ansvarlege for innkjøp i Helse Vest bør derfor gå på kurs. I tillegg vil Helse Vest gjennom samarbeid med dei andre helseregionane knytte til seg eksterne fagmiljø, til dømes Direktoratet for IKT og forvaltning (Difi), Initiativ for etisk handel (IEH), eller tilsvarande fagmiljø.

Administrerende direktørs kommentar

Med verknad frå 14.03.11 blei Helse Vest saman med dei andre helseregionane medlem av Initiativ for etisk handel. Arbeidet med etisk handel er allereie godt i gang og regionane har allereie utarbeidd handlingsplan for vidare arbeid med etisk handel. Planen inneheld informasjon om kvifor det er viktig å stille etiske krav, i kva for innkjøp det skal stillast krav, kva for krav som skal stillast, oppfølging av krava og konsekvensar i tilfelle brot på krava.

Tilsvarande orienteringssak vert også lagt fram for styra i Helse Midt-Norge RHF og Helse Nord RHF. Styret for Helse Sør-Øst RHF er tidlegare informert tilsvarande.

Vedlegg:

Prosjektdirektiv for etisk handel i helseregionane
IEH sin rettleiar for etiske krav i offentleg sektor